



Arkivnr: 2017/2468-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017

## Høyringsvar til Kulturrådet ang sjangersentra, kompetansesentra og nettverk innan rytmisk musikk

### Samandrag

Hordland fylkeskommune har motteke invitasjon frå Norsk kulturråd om å kome med innspel i prosessen med gjennomgang og evt omlegging av de regionale sentra og nettverka for musikk.

Kulturrådet har fått i oppdrag av Kulturdepartementet å bidra til å utvikle og styrke dei regionale kompetansesentra for musikk. Dette gjeld regionale jazz- og folkemusikksentre, kompetansesentra og nettverk mellom sentra i kvar region. Som ein del av oppdraget arbeidar Kulturrådet med å kartlegge sentra si verksemd og regionale forutsetningar og muligheiter.

I henvendinga frå Kulturrådet står følgjande: «For bedre å belyse sentrenes betydning og framtid i musikkfeltet, inviterer Kulturrådet åpent aktørane i feltet til å komme med innspill til vedlagte innspillsnotat. Notatet redegjør for bakgrunn og historikk, og inneholder vurderingar, spørsmål og forslag». Dette notatet er lagt ved denne saka.

Aktørane i Hordaland som er berørt av denne gjennomgangen er Brak, Vestnorsk Jazzsenter og deira kompetansenettverk VRAK som dei deler med Førde internasjonale musikkfestival og STAR i Stavanger.

Vi ser at notatet peiker på fleire interessante problemstillingar, men også nokre mindre relevante motsetnader ol som vert teke fram. Det er forståeleg, og kan hende naudsynt, at ein ser på dette feltet meir strukturelt. Det må likevel erkjennast at desse sentra har vakse fram ut frå ulike regionale behov, føresetnader og initiativ. Ein ser på jazz som ei kunstform som i svært få tilfelle kan overleve og utvikle seg utan offentleg støtte. Sjangersentra (som jazzsentra) sitt hovudsfokus skal vere å støtte utvikling av sjangeren som kunstnarleg uttrykk og legge til rette for formidling av dette. Kompetansesentra (som Brak) har eit meir bransjeretta fokus og bruker ei meir næringspolitisk tilnærming til si verksemd.

Det er svært ulikt i kva grad kommunar og fylke deltek i sjangersentra og kompetansesentra. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune var sterkt medverkande til etableringa av Brak og Vestnorsk jazzsenter som pilotar i landssamanheng, og er den regionen med tydelegast og sterkast finansiell medverknad. Hordland fylkeskommune bør difor stå fram som ein tydeleg partner i dette arbeidet og gjennomgangen av desse strukturane.

## Forslag til vedtak

Følgjande er sendt inn som høyringssvar til Norsk kulturråd, med atterhald om politisk vedtak:

1. Hordland fylkeskommune ser både Brak og Vestnorsk jazzsenter som viktige aktørar i vår regionale kulturpolitikk. Begge er viktige reiskap for å oppnå eit regionalt kunstløft, også innanfor det frie, profesjonelle kunstfeltet, slik det er vedteke i vår regionale kulturplan Premiss:kultur.
2. I tråd med rapporten ser Hordaland fylkeskommune det som at Vestnorsk Jazzsenter og Brak er kostnadseffektive med ein liten administrasjon, og gjer eit arbeid der midlane i stor grad kjem musikarane og musikklivet i regionen direkte til gode. Det er viktig å ikkje bygge opp nokon motsetnad og kamp mellom sjangrar då desse sjangrane i utgangspunktet er musikkformer som er lågt offentleg finansiert.
3. Som rapporten peiker på hadde etableringa av desse ulike strukturane ulik politisk grunngeving, og Hordaland fylkeskommune opplever at dei fortsett utfyller kvarandre på ein god måte og jobbar godt saman der det er naturleg. Vi ser difor ikkje at ei samanslåing av desse utan vidare er hensiktsmessig, og at dei kvar for seg og i samarbeidsprosjekt kan vidareutvikle seg på ein god måte.
4. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune må vere aktive partnerar i ei evt. omstrukturering av sjanger- og kompetansesentra i fylket. Hordland fylkeskommune er interessert i å gjennomgå verksemda og organiseringa til Brak og Vestnorsk jazzsenter for å sjå på korleis dei kan vidareutvikle, samkøyre og optimalisere sine oppdrag til beste for musikklivet på Vestlandet.
5. Sjangersentra må ha ein vid portefølje av verkemiddel innretta både mot musikarar og arrangørar, og må ha ei organisering som sikrar transparens og innflytelse frå aktørane i feltet.
6. Folkemusikk har gjennom mange år vore ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune, og eit viktig punkt i vår regionale kulturplan Premiss:kultur. Vi vil sjå på korleis ein tettare kan knyte kontakt mellom dette miljøet og tiltaka som allereie finst og Vestnorsk jazzsenter og Brak.
7. Vestnorsk jazzsenter og Brak har kompetanseheving for musikarane og arrangørar som ei kjerneoppgåve, og Hordaland fylkeskommune ser det som viktigast at midlar kjem dette formålet til gode, uavhengig av kva struktur og nettverk som måtte vere høveleg. Vi ser ikkje at dette er avhengig av strukturen VRAK.
8. Hordaland fylkeskommune saknar eit internasjonalt perspektiv i rapporten. Både Vestnorsk jazzsenter og Brak har vore viktige medspelarar for at musikk frå Hordaland, Vestlandet og Noreg elles har gjort seg gjeldande internasjonalt. Det ville vore bra om det frå Kulturrådet vart reflektert rundt kva roller dei tenkjer sjangersentra og kompetansesentra kan og bør spele i forhold til dette.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.04.2017

### Kulturrådet sitt oppdrag

Oppdraget kulturrådet no jobbar med vart først omtalt i statsbudsjettet Prop 1S (2015–2016) og vidare presisert i Kulturdepartementets tildelingsbrev til Kulturrådet for 2016: «Forslag til ny struktur skal bidra til å realisere regjeringens mål om styrking av regionale sentra på kulturområdet gjennom kompetanseutvikling, kunnskapsdeling og entreprenørskap for hele det frie profesjonelle musikkfeltet på tvers av sjangre».

Oppdraget kulturrådet har fått gjeld fem regionale sentre for jazz, to regionale sentre for folkemusikk og folkedans, fem kompetansesentre retta mot musikkbransjen, og seks nettverk, eitt i kvar region, der sentra og andre aktørar i regionen inngår i eit samarbeid om ei felles løyving til kompetanseverksemd. Sentra og nettverka er alle finansiert av Kulturrådet (driftsstøtteordningen) og av heimkommunar og –fylke. Det er svært ulikt i kva grad kommunane og fylka deltek i finansieringa i dei ulike delane av landet.

Desse sentra og nettverka si verksemd og organisasjon er i den framlagte rapporten diskutert på grunnlag av materiale frå sentra og nettverk (søknadar, årsrapportar, nettressursar), samt bakgrunnsmateriale utarbeidd av Kulturrådet. Med ønskje om å belyse søknadsvurderinga og oppdraget har Musikkutvalget i Kulturrådet nedfelt refleksjonar og spørsmål knytt til dagens strukturering av dei regionale sjangersentra, kompetansesentra og kompetansenettverka. Dei har også lagt fram ulike alternativ som reflekterer rundt moglege framtidige modellar for organiseringa. Desse modellane er presentert grundig i notatet som er vedlagt. Fylkesrådmannen ser det ikkje som hensiktsmessig å konkret tilrå å velje / slutte seg til nokon av desse, men heller kommentere meir breitt. Ei evt. omlegging krev eit grundigare arbeid med nære analyser av den enkelte organisasjon.

Ein ytterlegare bakgrunn for oppdraget Kulturrådet har fått er at det er sett behov for å klargjere om formåla med sentra blir fylt og kva resultata av arbeidet er i dag. Kulturrådet sin administrasjon ser gjennom forvaltninga av tilskota at den samansette strukturen og finansieringa av sentre og nettverk er lite oversiktleg og transparent, og at det dermed er vanskeleg å vurdere om og korleis sentra oppnår sine mål og om kompetansemidlane fører til gode tilbod og utvikling for dei profesjonelle musikkmiljøa. Arbeidet med oppdraget består dermed i:

- ei vurdering av tilstanden
- å identifisere høve for å betre sentrenes forutsetningar for å skape utvikling
- å bidra til ein struktur som gjer at den faglege forvaltninga av tiltaka blir betre

Rapporten som no ligg føre har i hovudsak eit musikarperspektiv. Dette er sjølvsagt viktig, og det kjem fram relevante refleksjonar i rapporten. Men der er også andre ledd i musikklivet – t.d. arrangørane – som kan ha viktige meiningar om saka.

Kulturrådet skriv i invitasjonen til innspel /rapporten: «Vurderingen av materialet må baseres på god forståelse av situasjonen i hver region, og Kulturrådet vil bruke kunnskapstilfanget for å få innspill og dialog gjennom denne innspillsrunden. Musikkfeltene, bransjeforhold og kulturpolitikk varierer mellom regionene, og det er viktig at eventuelle organisatoriske og finansielle endringer er hensiktsmessige i den aktuelle region og fylke, og dessuten at eventuelle endringer i strukturen er ønsket av fylkene som bidrar i finansieringen.»

### Kva organisasjonar denne gjennomgangen gjeld

Notatet nyttar omgrepa sjangersentre, kompetansesentre og kompetansenettverk for dei involverte strukturane/verksemdene. *Sjangersentra* og *kompetansesentra* har oppstått med utgangspunkt i sjangermiljøa for jazz, folkemusikk og pop/rock, og er etablert og finansiert på ulikt vis. Vestnorsk jazzsenter var det første sjangersenteret i Noreg (etablert 1997), Brak det første kompetansesenteret (først Bergen Rock Aktørar – etablert 1998) og begge desse var med på å legge føringar for feltet nasjonalt.

Vestnorsk jazzsenter / sjangersentra har gjennom 20 år utvikla ei samansett verksemd med turnéproduksjon, administrasjon av eigne ensemble, rådgjeving for aktørar i feltet og noko fordeling av tilskot til turnerende musikarar og til arrangørar. Brak og dei andre kompetansesentra for pop og rock (som

no stort sett skal dekke hele sjangerbreidda), gir først og fremst tilbod om kurs, kontaktar/nettverk og rådgjeving,

Dei offentlege løyvingane er delt mellom stat, fylke og kommunar, men det er ikkje nokon fast prosentvis fordeling mellom forvaltningsnivåa, slik som det kom krav om for kompetansenettverka for rytmisk musikk. I rapporten finn ein oversikt over finansieringa av dei ulike sentra i dei ulike fylka / landsdelane.

Desse sentra og nettverka er kvar for seg små verksemder med frå éi til tre stillingar. Til saman utgjer dei ei løyving frå Kulturrådet på ca. 17,5 mill. kroner. Tilskotet frå alle løyvande fylker og kommunar er til saman 14,1 mill. kroner. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune var aktivt medverkande til etableringa av Brak og Vestnorsk jazzsenter som pilotar i landssamanheng, og er den regionen med tydelegast og sterkast finansiell medverknad. Hordland fylkeskommune bør difor stå fram som ein tydeleg partner i dette arbeidet og gjennomgangen av desse strukturane. Dei andre fylkeskommunane bidreg også med mindre summar.

Frå 2009 har det vore løyvd midlar til kompetansetiltak i eigne kompetansenettverk for rytmisk musikk. På Vestlandet gjeld dette kompetansenettverket VRAK med Brak, Vestnorsk jazzsenter, STAR(i Stavanger) og Førde internasjonale folkemusikkfestival som medverkande. Midlane som vert løyvd til kompetansenettverka kan brukast i fellesskap eller delast mellom aktørane til å lage tilbod som kurs, rådgjeving, konferansar for musikarar og andre aktørar i feltet. Dei offentlege tilskota til kompetansenettverka er fordelt med 60 % frå staten (driftsstøtte frå Kulturfondet) og eit krav om 40 % regional medfinansiering (f.o.m. 2009 vedtatt av Stortinget med forutsetning om regional medfinansiering).

Vestlandet samla:

Statlege midlar: kr 5 397 000

Fylkeskommunale midlar: kr 2 748 000

Kommunale midlar: kr 2 685 000

Totalt: kr 10 830 000

I det vedlagte notatet finn ein ei meir detaljert oversikt over dei ulike organisasjonane i dei ulike fylka.

### **Kommentarar til vedtaks punkta**

1. *Hordland fylkeskommune ser både Brak og Vestnorsk jazzsenter som viktige aktørar i vår regionale kulturpolitikk. Begge er viktige reiskap for å oppnå eit regionalt kunstløft, også innanfor det frie, profesjonelle kunstfeltet, slik det er vedteke i vår regionale kulturplan Premiss:kultur.*

I Premiss: kultur er det vedteke å styrke det profesjonelle kunstfeltet, også det som ligg utanfor institusjonane. Sjangersentra og kompetansesentra er essensielle reiskap i å oppnå dette målet, saman med liknande strukturar innan andre kunstformer.

2. *I tråd med rapporten ser Hordaland fylkeskommune det som at Vestnorsk Jazzsenter og Brak er kostnadseffektive og med ein liten administrasjon gjer eit arbeid der midlane i stor grad kjem musikarane og musikklivet i regionen direkte til gode. Det er viktig å ikkje bygge opp nokon motsetnad og kamp mellom sjangrar då desse sjangrane i utgangspunktet er musikkformer som er lågt offentleg finansiert.*

Fylkesrådmannen ser det som om både Brak og Vestnorsk jazzsenter har høg måloppnåing, og utretter mykje med små administrasjonar.

Jazzsentra kan verke som «dei rike» i denne samanhengen. Men ein må ikkje miste av syne at dette i utgangspunktet er musikkshangrar som har låge statlege tilskot om ein samanliknar med t.d. klassisk musikk.

3. *Som rapporten peiker på hadde etableringa av desse ulike strukturane ulik politisk grunngeving, og Hordaland fylkeskommune opplever at dei fortsett utfyller kvarandre på ein god måte og jobbar godt saman der det er naturleg. Vi ser difor ikkje at ei samanslåing av desse utan vidare er*

*hensiktsmessig, og at dei kvar for seg og i samarbeidsprosjekt kan vidareutvikle seg på ein god måte.*

Som rapporten peiker på har desse organisasjonane ei noko ulik kulturpolitisk grunngjeving. Hordaland fylkeskommune støtter Vestnorsk Jazzsenter ut frå meir reint kulturpolitiske og kunstnarlege mål. Ein ser jazz som ei kunstform som i svært få tilfelle kan overleve og utvikle seg utan offentleg støtte.

Bakgrunnen for etableringa av jazzsentra er m.a. Kulturrådets utgreiing *Improvisasjon satt i system* (1995, basert på Stortingsmelding nr. 61 1991/92 *Kultur i tiden*). I denne utgreiinga vart det vektlagt at Noreg hadde musikarar på toppnivå, men ikkje tilstrekkeleg med profesjonelle arenaer å formidle si verksemd og møte sitt publikum i Noreg. «Departementet ser ingen grunn til at denne avanserte og etablerte musikkformen skal behandles så forskjellig fra andre musikkformer på høyt nivå som tilfellet er i dag...». Drift av lokale scener og ensemble, produsent- og pedagogisk verksemd vart det som skulle styrkast gjennom jazzsentrene.

På 2000-talet vert det sett fokus på populærmusikken. Kompetansesentre som Brak bruker oftast ein meir næringspolitisk tilnærming. Stortingsmelding nr. 22 2004/5 *Kultur og næring* tok føre seg musikkfeltets kommersielle potensial, og meinte det mangla tilstrekkeleg utdanning på denne fronten, både for musikarane og for dei som skulle arbeide med dei i mellomvertsposisjonar. Det vart også trukke fram at sterke, regionale miljø var viktig. I Løken-utvalget (2007) vart ideen om regionale kompetansesentre for rytmisk musikk, i ei meir sjangerbrei form, utvikla, og etter Stortingsmelding nr. 21 2007/8 *Samspill! Et løft for rytmisk musikk* vart dei regionale kompetansenettverka oppretta.

Fylkesrådmannen ser det som at både Brak og Vestnorsk jazzsenter jobbar godt og utfyller sitt mandat på ein god måte. Dei har godt samarbeid og dette ser ein ikkje på som avhengig av nettverkskonstruksjonen VRAK.

4. *Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune må vere aktive partnarar i ei evt. omstrukturering av sjanger- og kompetansesentra i fylket. Hordland fylkeskommune er interessert i å gjennomgå verksemda og organiseringa til Brak og Vestnorsk jazzsenter for å sjå på korleis dei kan vidareutvikle, samkøyre og optimalisere sine oppdrag til beste for musikklivet på Vestlandet.*

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune var sterkt delaktig i etableringa av Vestnorsk jazzsenter og Brak. Desse var pilotar i landssamanheng, og hadde sterk regional finansiering heilt frå starten. Begge desse sentra er framleis dei med sterkast prosentvis regional finansiering. Fylkesrådmannen ser det som positivt at dei no er delar av eit nasjonalt system, men dette må ikkje gå på bekostning av den viktige regionale rolla dei spelar.

Det er forståeleg at Kulturrådet no ønskjer å sjå desse tiltaka/organisasjonane i samanheng. Det kan vere vanskeleg å strauformlineforme dette – sidan dette i stor grad er organisasjonar som har grodd fram over tid, med ulikt utgangspunkt. Sjølv om fylkesrådmannen ikkje ser grunnar til å skulle tru at ikkje desse organisasjonane oppfyller sitt mandat, kan denne gjennomgangen frå Kulturrådet si side vere eit godt høve for fylkeskommunen å sjå på korleis ein kan tenkje seg vidareutvikling og samarbeid vidare.

5. *Sjangersentra må ha ei vid portefølje av verkemiddel innretta både mot musikarar og arrangørar, og må ha ei organisering som sikrar transparens og innflytelse frå aktørane i feltet.*

Det er viktig at desse organisasjonane opplevast som opne og transparente og relevante for breidda av musikarar. Det kan vurderast å trekkje inn endå sterkare muskarrepresentasjon i råd og utval. Det må vere høve for innsyn i val og prosessar, og alle kunstnarlege val må kunne grunngjevast.

6. *Folkemusikk har gjennom mange år vore ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune, og eit viktig punkt i vår regionale kulturplan Premiss:kultur. Vi vil sjå på korleis ein tettare kan knyte kontakt mellom dette miljøet og tiltaka som allereie finst og Vestnorsk jazzsenter og Brak.*

I den nasjonale sjangersenterstrukturen inngår også eit par sentra for folkemusikk. Det er også tematisert om jazzsentra kan innlemme denne sjangeren. Hordaland fylkeskommune har hatt ei sterk satsing på folkemusikk gjennom mange år, og vil sjå på om og evt korleis ein kan trekke vekslar på dei allereie etablerte strukturane innan folkemusikken og jazz.

7. *Vestnorsk jazzsenter og Brak har kompetanseheving for musikarane og arrangørar som ei kjerneoppgåve, og Hordaland fylkeskommune ser det som viktigast at midlar kjem dette formålet til gode, uavhengig av kva strukturar og nettverk som måtte vere høveleg. Vi ser ikkje at dette er avhengig av strukturen VRAK.*

Hordaland var ikkje delaktig i etableringa av kompetansenettverket VRAK. Fylkesrådmannen ser dette som ein integrert del og positiv styrking av arbeidet som skal verte utført i Brak og Vestnorsk Jazzsenter. Det var ikkje avtalt nokon fylkeskommunal andel til VRAK-nettverket på førehand, men då kravet om 40% fylkeskommunal / kommunal finansiell medverknad vart lagt fram frå staten, såg fylkeskommunen det som hensiktsmessig at Brak og Vestnorsk Jazzsenter kunne bruke av dei fylkeskommunale driftsmidlane til dette kompetansearbeidet.

I innspela Brak og Vestnorsk jazzsenter har gitt til denne siste høyringsrunda har dei ikkje sett sjølve organisasjonen/nettverket VRAK som særleg viktig for å kunne utføre kompetanseoppgåver. Hordaland fylkeskommune ser det også som like naturleg og hensiktsmessig at dei kan utføre dette – utan VRAK-overbygginga.

Støtteordninga til regionale kompetansenettverk har vore utsett for kritikk og Kulturdepartementet bad Kulturrådet om å dokumentere erfaringane gjennom ei systematisk gjennomgang av ordninga. Dette vart gjort i rapporten *Kunskap och lärande för musikbranschen. En evaluering av Norsk kulturråds stöd till regionala nätverk för kompetensutveckling inom rytmisk musik* som vart levert september 2012.

Evalueringsarbeidet viste at midlane fra tilskotsordninga for kompetansenettverk har finansiert ei rekke nye tiltak som har kome delar av dei rytmiske musikkmiljøa til gode, m.a. kurs og seminar. Evalueringa viste også at ordninga har hatt ei rekke svakheiter.

8. *Hordaland fylkeskommune saknar eit internasjonalt perspektiv i rapporten. Både Vestnorsk jazzsenter og Brak har vore viktige medspelarar for at musikk frå Hordaland, Vestlandet og Noreg elles har gjort seg gjeldande internasjonalt. Det ville vore bra om det frå Kulturrådet vart reflektert rundt kva roller dei tenkjer sjangersentra og kompetansesentra kan og bør spele i forhold til dette.*

Både Vestnorsk jazzsenter og Brak har vore viktige for at musikk frå Hordaland, Vestlandet og Noreg har gjort seg gjeldande internasjonalt, m.a. gjennom bransjefestivalen Vill Vill Vest og Jazznorway in a Nutshell. Det ligg sterk kompetanse i desse organisasjonane med nettverk i mange land, spesielt i Europa. Der er nasjonale aktørar som også har ei definert rolle i dette, men det bør også diskuterast kva rolle dei regionale aktørane kan og bør ha og korleis dei skal samhandle med nasjonale og internasjonale aktørar.